

*Frå innstillinga som ei fem-mannsnemnd laga etter allmannamøte på Sundvor den 21. oktober 1906:*

Det har ikkje alltid vore så greitt for oss å møte fram til rett tid – i Strandvik – når me har hatt ærend og trong. Dei lengst borte har meir enn halvtanna mil – ingen mindre enn ei mil sjøveg å ferdast. Det vil seia å sitja bunden til tofte og årar i om lag 3 timar kvar veg.

Dette kan gå bra i stille og godver. Annleis vert det i vind og væte. Lenger tid vil det ta, slit og strev så hendene vert såre og heile kroppen slapp og utmasa – ofte i mørke og kulde, og i tillegg får ein sine beste klede gjennombløyte og utsjemde.

Ofte er det også livsfarleg å fara den milevide Strandvikfjorden, særleg når Bjørnafjorden legg inn med nordvestvind.

Men kva skal ein gjera? Ein synest ein må av garde... Ikkje mange ulukker har hendt, men ofte har det stått om livet – som eit Guds under har det gått vel.

Kva er gudstenesta i kyrkja til for?

Ho skal byggja opp kyrkjelyden, gje den einskilde noko å leva på i kvardagen. Åndeleg innverknad vil lett bli borte i mykje lekamleg uro, sut og utrygge. Når kyrkjevegen er så lang, kvir folk seg med å reisa til kyrkje. For alle er det til uboteleg skade å vera mykje borte frå heilagdommen.

Med så store avstandar vert prest og kyrkjelyd framande for kvarandre – det fører med seg misforståingar og mistillit.

Ved å byggja ny kyrkje på Sundvor vil me spara mykje slit, tid, helseslit, lidning, mange livsfarlege vågespel, kleslit, pengeutlegg. Det vil bli betre og gildare å få dei kyrkjelege handlingane utførte i vår eigen krins. Me vil søkja Guds hus oftare, og me og kyrkja vil koma kvarandre nærare, også åndeleg. Dessutan vil heimane og bygdene veksa i verdi og bli ein gildare heimstad.

I det nye kyrkjedistriktet er det for tida 450 menneske.

Me treng ikkje så stor kyrkje, men me byggjer ikkje berre for notida, også for framtida. Det er ikkje urimeleg at folketalet i Lygrepollen kan koma til å veksa monaleg.

Me foreslår å byggja eit hus til 8000 kroner – 9000 dersom me får statstilskot.